



MØTEPROTOKOLL

Utval: Valstyret
Møtedato: 23.05.2016
Møtetid: 17:00 - 18:10
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Inge Aasgaard (Krf)	Gunn Totland Moss (Krf)

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann Tone Ramsli og sektorleiar organisasjon Jan Erik Boge

Møteleiar:	Ordførar Knut Harald Frøland (Bl)
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Utvalet sitt kvarter:	<u>Spørsmål vedrørende intensjonsavtale</u> Arild Røen (H) Stilte spørsmål om ordføraren sine kommentarar i media til intensjonsavtalen som er inngått mellom Samnanger, Bergen, Vaksdal og Osterøy. Ordføraren orienterte om bakgrunnen for kommentarane han har gitt, og om oppfatninga si av innhaldet i intensjonsavtalen.
Orienteringar/meldingar:	Etter at sak 002/16 var behandla, orienterte ordføraren om status for samtalar/forhandlingar med Kvam, Fusa og Os.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 27.05.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/16	16/515	Faste saker	
002/16	13/783	Reglement for folkeavrøysting om kommunestruktur	

SAKNR. 001/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

23.05.2016 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent utan merknader. Ingen vedtak/referatsaker vart tekne opp i møtet.

VAL-001/16 VEDTAK:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

SAKNR. 002/16

REGLEMENT FOR FOLKEAVRØYSTING OM KOMMUNESTRUKTUR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslaget til reglement for folkeavrøysting i Samnanger 2016 vert vedteke.

23.05.2016 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis orienterte rådmann Tone Ramsli kort om saka.

Valstyret vart samde om følgjande endringar i forhold til rådmannen sitt framlegg til reglement:

- Dato for folkeavrøystinga vert torsdag 16.06.2016.
- Opningstider i røstelokala på dagen for folkeavrøystinga vert kl. 13.00 – 20.00.
- Perioden for førehandsrøysting og brevrøysting vert 07.06. – 15.06.2016. I tillegg til førehandsrøysting i opningstidene på kommunehuset (kl. 08.30 – 15.00 på vekedagar) vert det òg førehandsrøysting torsdag 09.06.2016 kl. 15.00 – 19.00 og laurdag 11.06.2016 kl. 10.00 – 14.00.

Det var òg semje at det ved brevrøysting skal stillast krav om at kopi av legitimasjon skal leggjast ved. Vidare var det semje om at administrasjonen får fullmakt til å bestemma dato for ambulerande røysting og for førehandsrøysting ved Samnangerheimen.

Samrøystes vedtak.

VAL-002/16 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til reglement for folkeavrøysting i Samnanger 2016 vert vedteke med følgjande endringar:

- Dato for folkeavrøystinga vert torsdag 16.06.2016.
- Opningstider i røstelokala på dagen for folkeavrøystinga vert kl. 13.00 – 20.00.
- Perioden for førehandsrøysting og brevrøysting vert 07.06. – 15.06.2016. I tillegg til førehandsrøysting i opningstidene på kommunehuset (kl. 08.30 – 15.00 på vekedagar) vert det òg førehandsrøysting torsdag 09.06.2016 kl. 15.00 – 19.00 og laurdag 11.06.2016 kl. 10.00 – 14.00.